



# LYNGMO GLYTTE



★ **Kickoff 2019** (les om ungdomskvelden)

★ **Vinterleirane**

**- sjå baksida for informasjon!!**



Indremisjonsforbundet



NORSK LUTHERSK  
MISJONSSAMBAND

# Helsing frå Lyngmo

## Leirarbeidet

Kvart år er det over 400 born innom på barne – og ungdomsleirane på Lyngmo! I statistikken for 2018 ser me at det var 437 deltakarar og at det er born med adresse Hafslo (72), Sogndal (66) og Balestrand(58) som er «3 på topp». I tillegg til Indre Sogn kom det i 2018 ein del ungdommar på Crossroad med adresse i resten av Sogn og Fjordane. Når me tek med familie-leirar og bibelcamping, der deltakarane kjem frå resten av landet, så er det eit stort antall deltakarar me treff i barne– og ungdomsarbeidet på Lyngmo. Ønsket og målet vårt er å gjere Lyngmo aktuelt slik at me når flest mogleg born og unge. Difor har eg og barne– og ungdomsarbeidarane brukt 2 dagar i januar på å evaluere leirarbeidet og legge planar for 2019. Ein ting me treng er hjelp til å rekruttere deltakarar. Ein personleg invitasjon er ofte det som

skal til enten det gjeld born, ungdom eller vaksne. Her kan alle vera med og bidra! Dette kan du gjere ved å invitere, informere eller gje eit gavekort på leir. Til deg som har blitt beste-foreldre eller er fadder til nokon i leiralder: Kanskje du kan kjøpe eit gavekort på leir til neste bursdag? Slik kan du bidra til at fleire får moglegheit til å reise på leir.

## Det skjer mykje på Lyngmo...

... Men, me har plass til meir!! Med over 40 helgar med arrangement, så fyller arrangementskalender seg raskt opp. Allereie no i januar 2019 er det kun 10 helgar som står heilt utan bestillingar til neste år (i 2020). Sjølv om det er mykje som skjer, må du gjerne ta kontakt dersom du ønskjer å reservere ei helg til eit arrangement, slektsstevne, bursdagsfeiring etc. Lyngmo har også ledig for konfirmasjonssel-



*Det er flott vinterutsikt frå Lyngmo!*

skap, dåpsselskap, bryllaup og minnestunder. De kan støtte leirstaden vår ved å bruke den til slike samankomster.

### Vedlikehald

Me held stadig på med vedlikehald og forbetringar på Lyngmo. I vintermånadane dette året jobbar me med :

- Installere varmpumpe i matsalen
- Jobbe med tiltak for støyreduksjon i matsalen
- Me ser på moglegheit for å skifte ut ventilasjonsanlegget på hovudbygget. Dette ventilasjonsanlegget er frå 1989 og brukar svært mykje straum, samstundes som me er redde for driftsstans.

- Installere system for overvaking med varsling av temperatur på kjøle- og fryserom.

- Planlegging av ei enkel oppgradering av dei tre minste hyttene med nye kjøkkenbenkar og utviding / reoperasjon av terrassar.

### Styre- og administrasjonsarbeid

I haust har styret og administrasjonen brukt ein del tid på planarbeid. Det er laga plan for vedlikehald og plan for satsinga på sommar-sesongen. I løpet av våren skal det kome på plass ein plan for bruken av uteområdet. Me håpar at slike planar vil gjere arbeidet og økonomiplanlegginga enklare.

Velkommen til eit nytt år på Lyngmo!

Helsing Kjetil

## Har du testa ut desse to nettsidene?

 **preik.tv**



## Frå arkivet


Det er mange påfunn på leir. Er det nokon som kan hjelpe oss med informasjon om kva som skjer på bildet? Og kven er det som har bidrege til den flotte innpakkinga? Dersom me får svar skal me vida-bringe det i neste Glytten !



# Glimt frå leirlivet

Mikael Feten og Toralf Menes frå Balestrand, begge 8 år, har vore masse på leir.

Gutane synes det er kjekt med både sjakk , air-hockey og gysal.



## Leirtravaren

**Namn:** Jørund

**Alder:** 7 år

**Kjem frå:** Kjørnes i Sogndal

**Har du vore mange ganger på leir?** Har vore på 1 leir.

**Kva tykkjer du det er kjekt å gjera på leir?**

Tykkjer det er veldig kjekt med leirkveld, då me kler oss ut og er på scena.



*Jørund er klar for leirkveld!*

# Kickoff 2019



## *Hauk og due, sumoversjon*

Fredag 11 januar var det klart for ungdoms kick-off på lyngmo. Dette skulle vere ein kveld med aktivitetar, leikar i gymsalen, andakt og sosialt. Ungdomssklubbar rundt om i sogn var inviterte, og det kom vel om lag 20 stk. Vi var ein fin gjeng, nokre frå Sogndal, nokre frå Luster og fleire plassar.

Først på programmet var leikar i gymsalen. Ein ny variant av hauk og due (med sumodrakter). Vi hadde også kanonball og ein slags stolleik ++ fleire. Eg la merke til at alle ungdommane var kjempe gira og syntes detta var veldig kjekt. Både ungdommar og vaksne fekk jammen vist konkurranseinstinkt. Det var gøy å sjå!!! Så var det tid for mat, då fekk me servert nydelig pizza. Tusen takk kjøkkenet på Lyngmo (Anette) for så god mat nok ein gang!

Etter mat og prat var det klart for andakt frå Trond Kråvik i møtesalen. Temaet var "HØR", det Trond snakka om var at vi må høyre på det Gud seier i bibelen, slik at ein tar det til hjertet og gjer etter det. Gud vil snakke til MEG. Det gjeld ikkje berre alle andre. Når vi tek imot det han seier vert livet forandra og vi finn kvile og fred. Derfor fekk alle kvar sitt nye testamente som ei hjelp til å høyra kva Gud vil seie til meg.

Etter ei fin andakt stund med fin lovsang, var det litt fritid. Lyngmo er ein så flott plass med mange flotte muligheter til sosialt, og gjere masse kjekt som billjard på hemsen, eller bordtennis, air hockey på spelerommet. Ein kan også sitte i peisestova å spele kort eller berre prata. Alle såg ut til å kosa seg masse, det gjorde i alle fall eg!



### *Andakt i møtesalen ved Trond Kråvik*

For meg personlig betyr slike kveldar som dette utrolig masse. På skulen min er det dessverre ikkje så mange kristne, og nesten ingen av desse vil være med på leir eller ungdomsklubb. Så for meg å kunne komme på Lyngmo, leir og ungdomsklubb har betydd masse!!! Her får eg møta masse bra folk, høyra mange fine andakter og lovsanger om Jesus og dele trua mi med andre som har det slik som meg.

Lyngmo er rett og slett berre ein fantastisk plass å få høyra om og bli betre kjent Jesus og Gud, få masse nye venner og ha det kjempe kjekt.

Gjerne arranger fleire slike kveldar, og lengre leirar lyngmo 😊 gleder meg masse til neste gang<3

– Sara Nordheim

---

## **Gåve til leirarbeidet - gje ditt bidrag!**

### **Gåvekonto Lyngmo: 3000.32.79177**

# **vipps**

### **Vippsnummer: 119360**

# Dette skjer på Lyngmo

## JANUAR 2019

- 24. Småbarnstreff
- 31. Knøttekor og torsdagsklubb

## FEBRUAR 2019

- 7. Småbarnstreff
- 8. - 10. Crossroad
- 14. Knøttekoret og torsdagsklubb
- 15. - 18. Leir for 4 - 7 klasse
- 21. Småbarnstreff
- 28. Knøttekoret og torsdagsklubb

## MARS 2019

- 7. Småbarnstreff
- 9. Årsmøte NLM Sogn
- 14. Knøttekor og torsdagsklubb

- 21. Småbarnstreff
- 22. - 24. Leir for 2 - 4 klasse
- 28. Knøttekor og torsdagsklubb
- 30. Årsmøte Israelsmisjonen

## APRIL 2019

- 4. Småbarnstreff
- 5. Vårbasar
- 7. Barnas supersøndag
- 11. Knøttekor og torsdagsklubb
- 12. - 15. Familieleir, Lyngmo
- 17. - 21. Familieleir, NLM
- 25. Knøttekor og torsdagsklubb
- 26. - 28. Ordet og Israel

## MAI 2019

- 2. Småbarnstreff

- 9. Knøttekor og torsdagsklubb
- 16. Småbarnstreff/16. mai arrangement
- 20. - 23. Vi over 60
- 29. - 31. Leir for 7 - 10 klasse

## JUNI 2019

- 7. - 10. Leir 4 - 7 klasse
- 13. Småbarnstreff
- 14. - 16. Leir for 2 - 4 klasse
- 21. - 24. Lerum Cup
- 30. juni - 7.juli Bibelsommar i vest

## JULI 2019

- 15. - 20. Familieleir, Ungdom i oppdrag

## Familieleir i Palmehelga 2019

Fredag 12. - måndag 15. april er det på ny tid for familieleir på Lyngmo. Me gler oss til familietid, venner, god mat og opplegg for små og store. I bibeltimane skal Edgeir og Målfrid Gunvordal snakke om "Hver tid teller!" (I kryssningspunktet mellom menighet og familie - der vert ei levande tru skapt) Sjå heimesida til Lyngmo for meir informasjon om det kjekke me skal gjere på:)

**Pr 17. januar:**

**\*88 påmeldte**

**\*Kun plass til  
3 nye familiar!**

# "NORGE P.P."

Returadresse:  
Lyngmo Ungdomssenter  
Lyngmo 21  
6869 Hafslo  
Telefon: 57684366

E-post:  
lyngmo@lyngmoinfo.com  
Heimeside:  
www.lyngmoinfo.com  
Gåvekonto: 3000.32.79177

GDPR: LyngmoGlytten vert sendt til personar som har vore på leir eller som på anna måte har bedt om å få tilsendt bladet. Ta kontakt dersom du ikkje ønskjer å få det tilsendt lenger!

## VINTERLEIR LYGMO 2019

2-4 klasseleir	22. - 24. mars	675,-
4-7 klasseleir	15. - 18. februar	835,-
Crossroad (8.kl - 19 år)	8. - 10. februar	750,-

Det blir gitt 25% søskenmoderasjon frå og med søsken nr. 2.

### For påmelding og informasjon:

E-post: [bua@lyngmoinfo.com](mailto:bua@lyngmoinfo.com)

Tlf: 57 68 43 66

Bruk påmeldingskjemaet på heimesida for påmelding. Då får me registrert alle opplysningane me treng!

<https://www.lyngmoinfo.com/leir/>

*«Alle med»: For enkelte familiar vert det for stor kostnad å reise på leir. Dersom dette gjeld dykkar familie kan de ta kontakt på e-post. Då prøver me å leggje til rette for alternative støtteordningar.*

### Me ønskjer å

- ⇒ Sjå og møte den enkelte deltakar
- ⇒ Servere god mat
- ⇒ Lage attraktive aktivitetar ute og inne
- ⇒ Snakke om den kristne trua på ein spanande og interessant måte

### Me stiller krav til at

- ⇒ Leiarane som er med på leir skal leggje fram politiattest

